

ORDSKIFTE

Om opportunistisk og uriktig historieskriving

118366

Når Gaute Losnegård 17. september skriv at «...alle regjeringsmedlemmene (Nygaardsvold-regjeringa) var politisk døde for all framtid», undrast eg kvar han har opphalde seg?


Veit han ikkje at Trygve Lie i 1946 blei FNs første generalsekretær, etter først å ha vore utanriksminister i Gerhardsens to første regjeringar, og elles statsråd på ny i 1963-1965? Eller at Oscar Torp var statsråd i dei to første Gerhardsen-regjeringane, før han sjølv blei statsminister 1951-54? Seinare var han også stortingspresident. Eller at andre fekk presidentembete, blei dommarar i Høgsterett 54 – soga justitiarius der, sat som fylkesmenn, LO-sjefar med meir. Monsen var også stortingspresident, og Nygaardsvold blei altvald til Stortinget i 1945.

Så kvar har du vore, Losnegård? Og for den saks skuld Ola J. Befring som jublar i bakgrunnen; 83 år gammal burde du hugse nok til eit atterhald.

Losnegård seier at «dagens norske historikarar... har eit relativt balansert bilete». Det er eg usamd i. Det heiter at sigerherren skriv historia. Mange har retta seg etter det. Mange sat – og sit framleis, særleg dei eldre, dei som snart etter krigen skreiv slikt som stort sett framleis er gjeldande historiografi kring Noregs krig, fastlåst i det gamle falske bilete. Kanskje laut dei gå varsamt i dørene? Ein blei truleg korkje general eller professor om ein kritiserte for sterkt dei ansvarlege; dei var det nemleg som utnemnde til toppstillingane i samfunnet.

Aktiv heile vegen

Det er ikkje lett å debattere når du ikkje veit noko om dei du debatterer med, som kven dei er, kva dei stod for, og eventuelt gjorde den gongen og så bortetter. Sjølv var eg aktivt med heile vegen frå 9. april, etter at regjeringa hadde overgitt rikets hovudstad og rømt Oslo. Difor blei eg avvist ved regiment mitt med vising til dette. Då eg slost som frivillig ved Fossum Bro, svirra rykta om alt mogeleg, om agentar i gule bilar, om Oslo-aviser som skreiv defaitistiske artiklar, Arbeiderbladet til dømes om å vise «Disi-



YTRING

plin, ro og orden», om Oslo-bispen som skulle ha oppmoda frivillige i Nordmarka til å vende heim att. Ved Fossum fall fleire i kamp med tyskarane enn nokon annan stad i 1940. Stogge opp ved minnestøtta med namna til dei falne ved neste Årjäng-tur. Ved Fossum slost vi, vil eg hevde, trass i regjeringas forsøningar.

6. oktober i år var eg attende ved Breiðflakene der eg (Linge-kar) i april 1943 hoppa ut i fallskjerm for å arbeide i Milorg resten av krigen. Arbeidet mitt på heimfronten får London-regjeringa slett ikkje slå seg på brystet for. At ho fekk sitte mest einveeldig ved makta etter 1945, er eit av tidas største paradoks, men er folkefleirtalet lite til ære. Mest var nok dette eit resultat av at ho i 1945, om ikkje i 1940-41, i folks medvit var alliert, og vi dermed ein slags sigerherrenasjon.

Krigs- og okkupasjons-tida blir eg elles aldri ferdig med. Det sa dr. Hercz for nokre dagar sidan – eg fekk ein frykteleg «sandpapirhals» etter den våturen til Breiðflakene.

«Du som er 82 år, må ikkje leggje ut på slike turar», som han sa – småsint. Ikkje å undrast over, forresten, med halve livet i krigsmakta, med befalskole, Hærens krigsskole, Hærens stabsskole med meir (Der har dei gjort ære på meg ved å henge opp bilete mitt og grunnleggjande då eg fekk Krigskorset. Eg er stolt over å henge der saman med slike som general Fleischer, oberst Eriksen (Oscars-

borg og «Blücher»), Olav Helset, Reidar Holtermann (Hegra), Helge Mehre, Wilhelm Mohr, Knut Haugland, Jens A. Poulsen...).

Ordrenekt

Etter at Ap fekk regjeringsmakta i 1935, gjekk den første ekstraløyvinga symptomatisk nok til ymse vegtiltak i Finnmark (ikkje riksvog til Aust-Finnmark då). Der stod vi elles overmobiliserte 9. april – til ingen nytte, tvert imot, mens vi stod mest nakne langs kysten vår og i Sør-Noreg, der Royal Navy opptreidde nærast som dei ville.

Dei siste åra før 9. april blei det også løyvd pengar til forsvaret som vi ikkje greidde å få brukt opp i tide (fly, krigsfarty, o.a.). Eg nemner dette for å presisere at vi ikkje kan gå i butikken og kjøpe forsvaret. Ned- og oppbygging er ein langvarig, ikkje-nøytral - prosess. Men meningslaust nok – og ikkje nøytralt, sende vi 12 75-millimeters feltkanonar, med granatar og alt anna materiell og utstyr (ikkje hestar) til Finland under Vinterkrigen.

Dei som styrte landet sat fastlåste i gammal russar frykt, som kunne minne om Krimkrigen og Novembertraktaten og den slags. Det einaste sensasjonelle i den samanheng var at seinare parti-sekretær i Ap, Haakon Lie, var pådrivaren par excellence for denne ikkje-nøytrale hjelpa, i samarbeid med Noregs einaste fagattasje utanlands – av alle stader i Finland, ikkje hos dei krigforande stormaktene, W. Hansteen. Lite å undrast over at den

ukjende majoren i Finland sidan 1936 blei forsvarsjef i London i februar 1942. Dei visste kvar dei hadde han, i motsetning til den viljesterke, men høgt meriterte general Fleischer. Hansteen hadde naturleg nok ikkje skrivne under officersæresordet. Meir kjende og sentrale kandidatar hadde gjort det etter kapitulasjonen sommaren 1940, og avlo med å vise til æresordet sitt. Dei blei aldri tiltalt for ordrenekt, som dei skulle ha vore, ordet var så at Noreg framleis var i krig med Tyskland – som Noreg sjølv sagt ikkje var (at eksil-Noreg) heldt fram krigen, er ei anna sak, som eksilregjeringane frå Polen, Tsjekkoslovakia, Jugoslavia, Dei frie franske (de Gaulle) og fleire andre.

Kjernen i saka

Riksrett til oppklaring fekk vi ikkje. Døme på slikt (fje finn) lite om i norske historieverk, Losnegård og Befring: Den britiske hovudanklagaren i Nürnberg, Shawcross, riksadvokat i Labour-regjeringa med meir vedgå, etter Telford Taylor («The Anatomy of the Nuremberg Trials»), «at Tyskland berre invaderte Noreg fordi Storbritannia og Frankrike sjølv var i gang med planar om å invadere (invade) og okkupere Noreg, og at den norske regjeringa var førebudd på å finne seg i og godta ei slik handling».

Og den amerikanske aktoren i Nürnberg (Telford Taylor) legg sjølv til: «Dersom det var slik at britane var i ferd med å landsetje troppar i Noreg, (som dei var, og som «offi-

sielle» norske historikarar aldri skriv om. For meg, derimot, er dette sjølv kjernen i saka; berre slik finn eg noka meining og fagmilitær logikk i dei innflette hendingane eg opplevde den gong) som eit ledd i krigen mot Tyskland, så må dei ikkje samstundes påstå at Tyskland ikkje hadde rett til å ta sine mottiltak» (Eg viser interesse til gjeldande folkerettsreglar om dette). Nok eit eksempel: I parlamentsdebatten i mai 1940 då Chamberlain laut gå, og den hovudsvarlege for kappløpet om Noreg, Winston Churchill, kom til makta, sa tidlegare statsminister med meir Lloyd George mellom anna: «Vi dro mot Noreg før Tyskland; vi invaderte deres (nordmennenes) territorium før Tyskland» (mi utheving).

Minelegginga 8. april var første fase i britane sin plan. Men, til skilnad frå oberst Eriksen som skaut nøytralitetstanken, og senka «Blücher», skaut ikkje vi – og dette var regjeringa sitt ansvar, ikkje eit einaste skot for å forsvare nøytraliteten 8. april.

Churchills bomtur

Minelegginga på norskekysten grytidleg 8. april skulle opphavleg ha funne stad 5. april. Aksjonen var vedtatt på det store møtet i London 28. mars – og velkjent i Tyskland, blei snakka om i innvigde krinsar i Stockholm og fleire andre stader, men blei utsett i tre dagar etter at franskmennene avlyste ein del av aksjonen, nemleg minelegginga av Rhinen.

Dermed flaug Churchill til Paris, overtydd om at han skulle få overtala Reynaud, Daladier og franskmennene til å stå ved det opphavlege vedtaket. Men nei, det vart bomtur for Churchill. Hitlers ordre om «Wesertid», 9. april klokka 0414, følgde 2. april. Desse endringane tvinga britane til å sende mellom anna min kjenning kaptein Munthe til Stavanger, kaptein Croft til Bergen, kaptein Torrance til Narvik og major Palmer til Oslo (og Bristol Hotel) for å orientere rette vedkomande om endringane. Torrance nådde først Narvik 6. april, dei andre nådde sine reisemål 4. april.

Kaptein Torrance sin rapport om då han stod opp (på Royal Hotel), og saman med nok ein brite og ein fransk offiser, gjekk ut for å helse eigne styrkar velkomne, er fantastisk. Kvifor skriv de ikkje, «offisielle» historikarar, om slikt: Munthe fortel opportunistisk og selektivt, likevel avslørande – om sine hendingar då han og dei mange britane på Victoria Hotel måtte rømme frå Stavanger (Munthes bok *Sweet is War*, på norsk *På hemmelig oppdrag i Norge*, kom i 1954 (Stabenfeldt). Sendemann Dormer i Oslo fekk 2. april ordre frå FO i London: «The following officers are arriving ...Croft... Munthe... Palmer... today...travelling as civilians. You should afford them any assistance... Torrance will proceed via Stockholm to Narvik... Please give message from War Office urgently to... Palmer (sjefedderkoppen).

Det krydde av agentar i Noreg, kalla konsular, frå landsende til landsende. I Skien sat vår ven konsul X, overkikador ved den britiske legasjonen i Stockholm for all undergrunnsverksend i landet vårt under okkupasjonen. I Haugesund sat evannan «konsul», den norskfødde kona hans tok imot rapporten frå mellom anna oss Linge-folk i Stockholm i okkupasjonsstida.

Mitt ønske

Eg, Englands-hatar? Sjølv sagt ikkje; eg drog til England frivillig. Tok frivillig av det mest risikofylte arbeid eg kunne tenkje meg. Men som samfunns-menneske og offiser, ikkje berre som samtidshistorikar i mitt liv nummer to, ønskjer eg at historia om Noregs krig skal vere sann.

Antydar eg at dei sende i kode, og utan at styresmaktene gjorde noe med det, er det nærast unasjonalt og upatriotisk. «Det skulle bare mangle», seier noen. «Tenk over hva vi slost mot!» «Men då var vi ikkje nøytrale, slik vi hevda. Slik inviterte vi eigentleg tyskarane til å ivareta sine interesser i landet vårt, når vi ikkje gjorde det sjølv. Det blei ulukka vår 9. april», avsluttar eg gjerne.

Svein Blindheim